

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-223	18/43

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
016/2019	Næringsfondsstyret	PS	22.10.2019

## Søknad om endra bruk av tildelt tilskot, iModalen AS.

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune gjev iModalen AS løyve til å gjere endringar i bruk av tilskot, jfr. sak. 004/2018. Endringa inneber at resterande del av opprinneleg budsjettert sum på kr. 546 750,-, avsett til lønskostnader, kan omdisponerast til anna føremål som er i tråd med søknad 004/2018 m/ vedlegg.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Søklar fekk i 2018 løyvd kr. 576 250,- i tilskot frå næringsfondet. Tilskotet skulle nyttast til reiselivssatsing under paraplyen iModalen AS. Prosjektet skulle gå over 3 år og hadde ei budsjettert totalramme på kr. 946 250,-

Til grunn for vedtaket låg søknad m/ vedlegg kor det vart vist til at lønskostnader over 3 år var budsjettert til å verte kr. 546 750,-. Denne summen har så langt i prosjektperioden blitt nytta til å løne dagleg leiar i 30 % stilling. Vedkommande har sagt opp si stilling f.o.m. hausten 2019. Søklar ber difor om å få omdisponere resterande av budsjettert sum til tettare samarbeid med Visit Bergen, samt til kjøp av marknadsføring. Oppgåvene som dagleg leiar har hatt skal i siste del av prosjektperioden ivarekast av styret i iModalen AS. Søklar viser til at dette vil vere den beste måten å nytte resterande tilskot på.

#### Vurdering

Rådmannen har hatt eit kort møte med søklar kort problemstillinga vart drøfta. Sidan vedtaket er fatta av næringsfondsstyret, og søknad med vedlegg låg til grunn, er det naudsynt at næringsfondsstyret også besluttar evt. endringar i vedtaket.

Rådmannen si vurdering er at iModalen AS v/ styret har tillit til å kunne avgjere kva som er den beste ressursutnyttinga av tildelte midlar og i kva grad dei vurderer behovet for dagleg leiing vs at

styreleiar har denne funksjonen.

Rådmannen vil likevel peike på at selskapet har blikket festa på tida etter prosjektperioden er avslutta med tanke på å sikre vidareføring etter at tilskotsperioden er avslutta.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at iModalen AS kan omdisponere løyvd tilskot i tråd med søknad d. 23.09.19.

### **Næringsfondsstyret - 016/2019**

#### **NF - behandling:**

Liv Anne Aanensen sit i styret i iModalen og er ugild. Kristin Nåmdal er 1. vara i styret og er ugild. Samrøystes vedteke

#### **NF - vedtak:**

Modalen kommune gjev iModalen AS løyve til å gjere endringar i bruk av tilskot, jfr. sak. 004/2018. Endringa inneber at resterande del av opprinneleg budsjettert sum på kr. 546 750,-, avsett til lønskostnader, kan omdisponerast til anna føremål som er i tråd med søknad 004/2018 m/ vedlegg.

#### **Vedlegg:**

Søknad om endret bruk av tilskudd sak 004/2018

Melding om vedtak - søknad om tilskot til destinasjonsselskap for reiseliv.